

Fra: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem [Anne-Kjersti.Stenehjem@sfj.no]
Til: Astrid Lernes [Astrid.Lernes@sfj.no]
Kopi: harald.ekroll@enivest.net [harald.ekroll@enivest.net]
Sendt: 07.05.2018 22:50:58
Emne: 18/1264 - Innspel til økonomiplan 2019 - 2022 - fylkesrådet for eldre
Vedlegg:

Hei!

Fylkesrådet for eldre vedtok fylgjande uttale til økonomiplan 2019 – 2022 i møte 7.mai 2018:

Dette gir følgjande vedtak:

- *I alt plan- og omstillingsarbeid må det leggjast vekt på at dei mest sårbare gruppene ikkje vert spesielt hardt råka.*
- *Folkehelseperspektivet må ha høgt fokus. Det må leggjast til rette for å ta gode val og styrke folkehelsa.*
- *I planarbeidet med nye fylkesvegar må det også planleggast gang/sykkelvegar. Busstopp må utformast universelt og det er framleis ein del eksisterande stopp som er direkte trafikkfarleg plassert og må byggast om eller flyttast.*
- *Rassikringstiltak må ha høg prioritet for å gjere kvardagen betre for brukarane.*
- *Serviceskyssen er eit viktig tilbod i utkantane, som ikkje bør reduserast men vidareutviklast.*
- *Det er viktig at fylkeskommunen i prosessen med byggeprosjekt og andre investeringar, tek i vare universell utforming.*
- *Vi har ynskje om ei auke i budsjettet for fylkesrådet for året 2019, sidan det kan vere behov for felles møte med fylkesrådet for eldre i Hordaland i samband med fylkessamanslåinga.*

For utfyllande informasjon kan leiar Harald Ekroll kontaktast.

Med helsing
Anne-Kjersti Stavø Stenehjem
seniorrådgjevar, fylkesrådmannen - stab
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no | Anne-Kjersti.Stenehjem@sfj.no
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 95725658